

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 30.04.19



## Referat frå Studentparlamentmøte 30.04.19

**Tid** 30. april 2019 kl 17.00- 19.15

**Stad** Kaarstad 202

**Til stades med stemmerett:**  
9 representantar

**AHL:** Andre Kjerpeseth Svarstad  
**AKF:** Mathilde Gaalaas-Berg, Sigmund Bratlie  
**AMF:** Hanna Hauan  
**ASH:** David Bernatek, Paloma L. Alonso  
**FR:** Synnøve Tangen Olsen, Irmelin Losvik, Håvard Bjørnerem

**Til stades utan stemmerett:**

**AU:** Simen J. Langeland, Trym N. Rimmen, Tina Wilke, Jeanette Reisig, Erlend A. Rossen  
**Faste møtande:** Bernt Inge Berge, Allan Levi Melby (kontrollkomitéen)  
Kristine Langdal (referent)  
**Ordstyrar:** Simen J. Langeland  
**Inviterte gjestar:**  
**Andre møtande:** Anri Pani, Caroline Johansson Erviksaeter

## Sak 00 – 18/19 Konstituering og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen J. Langeland

STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I Volda

---

### Namneopprop

9 røysteføre. Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

AU innstilte på Simen J. Langeland som ordstyrar.

AU innstilte på Bernt Inge Berge, Allan Levi Melby, Erlend A. Rossen og Tina Wilke som teljekorps.

**Vedtak:** Simen J. Langeland blir vald som ordstyrar. Bernt Inge Berge, Allan Levi Melby, Erlend A. Rossen og Tina Wilke blir valde som teljekorps.

## Sak 68– 18/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Inga innvending til innkallinga.

### Merknadar til dagsorden

Ei sak meld inn til eventuelt av Trym N. Rimmen

Det blei fremja forslag om å flytte sak 79/18-19 - eventuelt til før sak 70.

**Vedtak:** Innkalling og dagsorden blir godkjend med nemnde merknadar.

## Sak 69– 18/19 Godkjenning av referat frå 26.03.2019

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen J. Langeland

---

Ingen merknadar til referat frå 26.03.2019.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå førre møte, 26.03.2019.

**Vedtak:** Studentparlamentet godkjenner referatet frå møte i Studentparlamentet 26.03.2019.

## Sak 70 – 18/19 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak  
Sakshandsamar: Simen J. Langeland

---

Arbeidsutvalet ved Trym

- Det er planlagt fagdag 03.10 med tema psykisk helse. Peder Kjøs kjem!
- Trym, Mathilde og Paloma deltok på landsmøte i NSO. Trym blei vald inn i internasjonal politisk komite som førstevara. Noko som blei mykje diskutert på Im var klima. Vedtatt resolusjon på Im var «UH-sektoren må ta sitt klimaansvar». Den, og andre saker som blei vedtatt kan lesast her: <https://www.student.no/content/uploads/2019/04/Resolusjon-UH-sektoren-m%C3%A5-ta-sitt-klimaansvar.pdf>
- Re:act har ansvar for å pynte lastebilen som skal vere fremst under Bydepride - paraden 11.05.2019!

## Sak 79 – 18/19: Eventuelt: Stille til val om ein ikkje er registrert student

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Trym N. Rimmen

---

Christian Christensen ønsker å stille til val av ny velferdsansvarleg i arbeidsutvalet. Han er ikkje registrert som student i dag, men har søkt om skuleplass frå hausten 2019. Arbeidsutvalet vil be Studentparlamentet ta stilling til om dei skal fråvike valreglementet sitt i denne saka, og la Christian stille til val.

### Forslag til vedtak:

- 1.) Studentparlamentet vedtek å opne valreglementet for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for endringar.
- 2.) Studentparlamentet vedtek å leggje Trym sitt forslag til grunn for diskusjon og debatt om valreglementet skal fråvikast i denne saka.
- 3.) Studentparlamentet vedtek å lukke valreglementet for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda.

**Vedtak:**

- 1.) Studentparlamentet vedtek å opne valreglementet for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for endringar.
- 2.) Studentparlamentet vedtek å leggje Trym sitt forslag til grunn for diskusjon og debatt om valreglementet skal fråvikast i denne saka.

(Debatt og handsaming av enkeltvedtak knytt til forslag om å fråvike valreglementet §2-2, bokstav b)

**Forslag 1. om enkeltvedtak**, fremja av Håvard Bjørnerem:

Studentar som ikkje er registrerte, men har søkt om skuleplass til hausten, kan stille til val i dagens val av arbeidsutval i Studentparlamentet.

Votering med stemmeteikn.

**Vedtak:** Forslag vedtatt

**Forslag 2. om enkeltvedtak**, fremja av Håvard Bjørnerem:

Arbeidsutvalet får redaksjonell friheit til å formulere forslaget ovanfor så forslaget er tydeleg.

Votering med stemmeteikn.

**Vedtak:** Forslag vedtatt

Innspel frå Studentparlamentet:

- Om han blir vald inn, og ikkje får skuleplass frå hausten, må han trekke seg.

**Vedtak:**

- 3.) Studentparlamentet vedtek å sjå vekk frå valreglementet §2-2, bokstav b, under dagens val 30.04.19. og deretter lukke vedtektene for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda.

## Sak 71 – 18/19: Val av nytt AU: Leiar i Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

---

Simen orienterte om vervet. Det blei opna for spørsmål.

Desse stiller til val: Trym Rimmen

Valet vert gjennomført ved urneval.

Kandidaten heldt ein valtale på 1 min

**Vedtak:**

Trym Rimmen blei vald som leiar i arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

## Sak 72 – 18/19: Val av nytt AU: Fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Jeanette Reisig

---

Jeanette orienterte om vervet.

**Desse stiller til val:** Caroline Johansson Erviksæter, Mathilde Gaalaas-Berg

Kandidatane haldt 1 min valtale

Valet vert gjennomført ved urneval.

### Vedtak:

Mathilde Gaalaas-Berg blei vald som fag og forskingsansvarleg i arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

## Sak 73 – 18/19: Val av nytt AU: velferdsansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Trym Rimmen

---

Trym orienterte vervet.

**Desse stilte til val:** Christian Christiansen, David Bernatek, Allan Levi Melby, Irmelin Losvik

Kandidatane haldt 1 min valtale.

Valet vert gjennomført ved urneval.

**Vedtak:**

David Bernatek blei vald som velferdsansvarleg i arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

**Sak 74 – 18/19: Val av nytt AU: informasjonsansvarleg**

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Erlend Ausland Rossen

---

Erlend orienterte om vervet.

**Desse stilte til val:** Erlend A Rossen

Kandidaten haldt 1 min valtale.

Valet vert gjennomført ved urneval.

**Vedtak:**

Erlend Ausland Rossen blei vald som informasjonsansvarleg i arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

**Sak 75 – 18/19: Val av nytt AU: internasjonalt ansvarleg**

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Tina Wilke

---

Tina orienterte om vervet.

Desse stilte til val: Paloma Alonso Lorenzale

Valet vert gjennomført ved urneval.

**Vedtak:**

Paloma Lorenzale Alonso blei vald som internasjonalt ansvarleg i arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

## Sak 76 – 18/19: Val av kontrollkomite til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Bernt Inge Berge og Allan Levi Melby

---

Bernt Inge og Allan orienterte om vervet.

Valet vert gjennomført ved urneval.

**Desse stiller til val:** Bernt Inge Berge

**Vedtak:**

Bernt Inge Berge blei vald som kontrollkomite i Studentparlamentet.

## Sak 77 – 18/19: Val av studentrepresentantar til styret i SiVolda

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

---

Håvard Bjørnerem orienterte om vervet.

**Desse stilte til val:**

Allan Levi Melby, Irmelin Losvik, Andre Kjerpeseth Svarstad, Mathilde Gaalaas-Berg, Paloma Alonso Lorenzale, Synnøve Tangen Olsen

Kandidatane heldt 1 minutt valtale. Det vart opna for spørsmål.

**Votering:** Urneval

**Vedtak:**

Desse vart valde til styret i Studentsamskipnaden i Volda:  
Allan Levi Melby, Irmelin Losvik, Andre Kjerpeseth Svarstad  
1. vara: Mathilde Gaalaas-Berg, 2. vara: Paloma Lorenzale Alonso, 3. vara: Synnøve Tangen Olsen

## Sak 78 – 18/19: Endringar i Brønnøysundregisteret

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Jester Langeland

---

I dag har berre leiar i Studentparlamentet høve til å signere på vegne av Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda. Signaturretten fungerer som ei fullmakt til å inngå avtalar på vegne av bedrifta, t.d. til å bestille nye bankkort, inngå bedriftsavtalar med butikkar osv. AU har diskutert om dei vil utvide denne retten til å også gjelde organisasjonskonsulent i Studentparlamentet. Det er meint å gjere slik signering enklare.

**AU sitt forslag til vedtak:** Studentparlamentet godkjenner signaturrett for organisasjonskonsulent Marit Aklestad, i tillegg til leiar i styret i Studentparlamentet.

**Det blei fremja forslag frå Håvard Bjørnerem: stryke namn på organisasjonskonsulent i vedtaket**  
Forslag til tekst: Studentparlamentet godkjenner signaturrett for organisasjonskonsulent, i tillegg til leiar i styret i Studentparlamentet

**Vedtak:** forslaget vedtatt

### Vedtak:

Studentparlamentet godkjenner signaturrett for organisasjonskonsulent, i tillegg til leiar i styret i Studentparlamentet

## Møtekritikk

Type sak: Unnateke journalføring  
Sakshandsamar: Trym Rimmen

---

Etter formell møteslutt tek vi ei runde der Studentparlamentet kan kome med konstruktiv kritikk og tilbakemeldingar til AU når det gjeld korleis møta blir lagt opp, sakspapir, agenda, møterom og gjennomføring av møta m.m. Slik blir møta betre, og AU og Studentparlamentet har heile tida dialog om korleis ein ynskjer møta.

*Møteslutt 19.10*